

Historie legg om undervisninga

Sjekk kva det har å seie for deg!

Frå januar 2023 legg historiefaget ved UiB om undervisninga si. Vi går over til blokkundervisning, noko som inneber at du skal ta eitt emne om gangen i staden for å ta to emne parallelt kvart semester. Vi snur dessutan om på rekkjefølgja på emna, slik at nokre emne vert flytta frå vår til haust, og omvendt.

Omlegginga har ulike konsekvensar for ulike studentgrupper. Finn ut kva gruppe du høyrer heime i ut frå lista nedanfor, og sjekk kva omorganiseringa har å seie for deg!

BACHELORPROGRAMMET

- Eg starta på bachelorprogrammet i historie hausten 2022 (s. 2)
- Eg starta på bachelorprogrammet i historie hausten 2021 og er ikkje forseinka med studiane (s. 7)
- Eg starta på bachelorprogrammet i historie hausten 2021 eller tidlegare og er forseinka med studiane (s. 9)

LEKTORPROGRAMMET

- Eg starta på lektorprogrammet hausten 2022, og har historie som fag 1 (s. 13)
- Eg starta på lektorprogrammet hausten 2021, og har historie som fag 1 (s. 17)
- Eg starta på lektorprogrammet hausten 2020, og har historie som fag 1 (s. 18)
- Eg starta på lektorprogrammet hausten 2022, og har historie som fag 2 (s. 19)
- Eg starta på lektorprogrammet hausten 2021, og har historie som fag 2 (s. 23)
- Eg starta på lektorprogrammet hausten 2020, og har historie som fag 2 (s. 27)
- Eg går på lektorprogrammet med historie som fag 1 eller 2, og er forseinka med studiane (s. 28)

MASTERPROGRAMMET

- Eg går på eller har tenkt å ta masterprogrammet i historie (s. 30)

ÅRSTUDIUM/FRIE STUDIEPOENG

- Eg har tenkt å ta historieemne som årstudium eller frie studiepoeng våren 2023 eller seinare (s. 31)

Informasjon til deg som starta på bachelorprogrammet i historie hausten 2022

Andre og tredje semester på bachelorstudiet vil sjå ganske annleis ut enn det det har gjort tidlegare. Fram til no har studentane starta med å studere nyare historie på våren (andre semester), for så å gå over til eldre historie på hausten (tredje semester). Dessutan har studentane teke eitt oversynsemne og eitt fordjupingsemne parallelt, gjerne med eksamen i begge emne heilt på slutten av semesteret.

Dette endrar vi på no: Vi flyttar om på emna, slik at du får begge oversynsemna i andre semester, og begge fordjupingsemna i tredje semester. Dessutan går vi over til blokkundervisning, noko som inneber at vi underviser meir fortetta i kvart einskild emne, og at vi skiftar frå det fyrste emnet til det neste midt i semesteret. Ei liknande endring skjer i fjerde semester, på 200-nivå. Endringa er grafisk framstilt i modellen.

Kva vil vi oppnå?

Omlegginga vart planlagt i samband med ei reform som eigentleg handlar om å skape betre vilkår for forskinga på universitetet. Men forskning og undervisning heng tett saman her på UiB, og vi på historie ser dette som eit godt høve til å få gjort nokre viktige grep for å styrkje undervisningstilbodet vårt, og for å utvikle modellar som kan fungere godt for studentar som følgjer ulike program. Vi har omorganisert ut frå følgjande målsetnader:


Eit meir logisk oppbygd program: Framdrifta i bachelorprogrammet vert enklare å forstå enn tidlegare: Frå no av vert det eldre historie før nyare historie, og vi gjer oss ferdige med oversynsemna før vi gjev oss i kast med fordjupingsemna.

Den nye modellen gjev deg ein tydeleg progresjon i utdanningsløpet: frå *innføring* i fyrste semester til *oversyn* i eldre og nyare historie i andre semester, så vidare til *fordjuping* i eldre og nyare historie i tredje semester, før du går vidare til *spesialiseringa* i fjerde semester – der du både får metodisk og teoretisk skulering, og gjennomfører eit sjølvstendig, historiefagleg arbeid gjennom bacheloroppgåva. Med ein ferdig bachelor i historie har du teke dei innleiande stega, frå å lære


Semesterorganisering på historie

Gamal modell


Semester 2 (vår)



Semester 3 (haust)




Semester 4 (vår)




Ny modell


Semester 2 (vår)



Semester 3 (haust)



Semester 4 (vår)



BLOKK 1

Ca. 15. mars

BLOKK 2

BLOKK 1

Ca. 10. oktober

BLOKK 2

BLOKK 1

Ca. 15. mars

BLOKK 2

Grafisk framstilling av hovudtrekka i gamal semesterorganisering (to emne parallelt) og ny semesterorganiering (blokkmodell)

historie til å vere historikar: Spørsmålet er så om du skal gå endå nokre lenger langs denne vegen, gjennom master i historie, der du lærer deg å meistre *vitskapsfaget historie*.

Ein meir oversiktleg – og sosial – studiekvardag: Når vi har spurt tidlegare kull av historiestudentar om kva dei finn krevjande med studiet, er det nokre svar som går att: Fleire meiner at det er vanskeleg å organisere studiekvardagen sin, og å fordele arbeidsinnsatsen mellom dei emna dei tek parallelt. Sjølv for dei mest disiplinerte kan det vere freistande å skubbe på studiearbeidet fram til ein ofte alt for hektisk innspurt i slutten av semesteret. Nokre klagar dessutan på at undervisninga er for spreidd, og at ein aldri rekk å verte skikkeleg kjende med medstudentane sine.

Vi kan ikkje love at alle desse problema forsvinn, men vi har ein ambisjon om at omlegginga skal gjere studentkvardagen enklare å handtere. Når du studerer i blokk, konkurrerer ikkje fleire emne om merksemda di. Kvart emne skal gjennomførast på halve tida, og dette inneber at tida fram til avsluttande innlevering eller eksamen vert kortare. Det høyrer kanskje skummelt ut, men den totale arbeidsmengda er nett den same som før – og den plagsame *prokastineringa*, altså den tendensen mange av oss har til å utsetje daglegdagse plikter – vert vonleg lettare å overvinne når perspektivet er: eit halvt semester om gangen.

Vert historiestudiet meir sosialt? Vel, det er i stor grad opp til deg sjølv. Men sidan undervisninga på kvart einskild emne er meir fortetta, møter du den same gjengen av studentar oftare enn tidlegare – og gruppa av bachelorstudentar vil no vere samla i undervisninga gjennom heile andresemesteret. Vi vonar det vil gjere det enklare å knyte gode faglege og sosiale kontaktar i studentkullet, noko som ofte er to sider av same sak. Studentfelleskapet er viktig både for fagleg utvikling og sosial trivsel.

Ein modell for betre læring: Vi skal ikkje underslå at overgangen til blokkundervisning har nokre kostnader. Når dei fleste emne skal gjennomførast på halve tida, kan nokre kanskje oppleve at tida til fagleg modning vert knappare. Og det er naturlegvis slik at ein jamt over går glipp av meir undervisning på kvart einskild emne ved lengre fråvær når du tek eitt emne om gangen, i staden for to emne parallelt. Vi trur likevel at den nye modellen i sum gjev betre føresetnader for læring. For oss som underviser vert det meir spelerom for å tenkje alternativt når det gjeld undervisninga, og vonleg også for å finne fram til former som opnar for mindre einvegskommunikasjon og meir studentaktivitet. Den meir logiske oppbygginga gjer det også enklare for oss å tenkje progresjon og samanheng på tvers av emne.

Gjennom endringar vi gjer i obligatoriske komponentar og vurderingsform, ynskjer vi også å leggje til rette for ein annan type læring. Nokre studentar har opplevd historie som eit «puggefag», mellom anna fordi vi har hatt emne der eksamensforma signaliserer at det er detaljkunnskap som er det viktige. Forventningane om at du skal delta i undervisning og arbeide systematisk og inngåande med litteraturen, er *ikkje* vortne mindre. Men vi legg no endå meir vekt på at historie skal vere eit diskusjonsfag, og at studentane våre gjennom oppgåver og prøving skal skulerast i å skrive akademiske tekstar med drøfting og dokumentasjon. Sjølv om det enno er viktig å ha det vi kallar realkunnskapar, er endå viktigare å kunne bruke kunnskapane du tileignar deg gjennom undervisning og pensum i skriftlege arbeid, til å sjå samanhengar og motsetnader, og til å føre ein argumentasjon.

Slik ser semester 2 ut (våren 2023)

Våren 2023 skal du altså ta to oversynsemne, eitt i blokk 1 (startar i veke 2, og avslutta i midten av mars), og eitt i blokk 2 (startar straks etter at blokk 1 er ferdig, og avslutta om lag 10. juni). Blokk 2 er noko lenger enn blokk 1 grunna skeivfordelinga av helgedagar på vårparten. Nøyaktig timeplan vert offentleggjort før semesterstart.

Du startar med [HIS101](#) (oversyn over eldre historie), og går direkte over til [HIS102](#) (oversyn over nyare historie). Les gjerne gjennom emnebeskrivingane, som kortfatta og poengtert gjer greie for kva emnet handlar om (Mål og innhald) og kva du skal sitje att med etter emnet (Læringsutbyte). Generelt kan vi seie at emna nettopp skal gje deg det store biletet, både når det gjeld norsk og internasjonal historie, og samstundes hjelpe deg å bli ein kritisk lesar og å formidle kunnskap gjennom skriftlege arbeid. Nokre få hovudverk inngår i pensumlitteraturen.

På HIS101 har studiet ei tydeleg tredeling: Du startar i *antikken*, går vidare til *mellomalder*, og endar opp i *tidleg moderne tid* (fram til ca. 1750). Undervisninga innan kvar av desse bolkane er fortetta, og etter at kvar bolke er ferdig, har du om lag ei veker tid til å skrive oppgåver som kvar er på om lag 1500 ord, og som inngår i ei samla mappe. Dei tre mappeoppgåvene utgjer i sum vurderingsgrunnlaget, altså grunnlaget for den karakteren du får.

På HIS102, som du altså startar på i midten av mars, er undervisninga organisert kring ein tydeleg kronologi, og med eit utval tema som går att på tvers av førelesingane. Vi har kutta skuleeksamen på emnet, men til gjengjeld krev vi no at du i løpet av undervisningsblokkane løyser tre sett av fleirvalsoppgåver med spørsmål frå pensum. Dette er ein føresetnad for at du får vurdering i emnet. Eit stykke ut i undervisningsblokkane får du vite tema for semesteroppgåva (på om lag 3000 ord), som du skal levere ved utgangen av semesteret. Det vil vere ein undervisningsfri periode på slutten av semesteret før innlevering. Semesteroppgåva utgjer åleine vurderingsgrunnlaget, altså grunnlaget for den karakteren du får. Oppgåva vil vere utforma på ein måte som stiller krav til at du har arbeidd systematisk og godt med emnet gjennom heile blokkane.

Slik ser semester 3 ut (hausten 2023)

Hauten 2023 skal du ta to fordjupingstema, eitt i blokk 1 (startar når haustsemesteret startar, og avslutta om lag 10. oktober), og eitt i blokk 2 (startar straks etter at blokk 1 er ferdig, og avslutta ein gong i byrjinga av desember). Nøyaktig timeplan vert offentleggjort før semesterstart.

Logikken er den same som i semesteret i førevegen: Du startar med eldre historie, og går over til nyare historie. Men no skal du velje frå ein fagleg meny som vil skifte frå år til år, og som er ulik frå blokk til blokk. Oversyn over tilgjengelege undervisningstema på hausten vil bli offentleggjort våren i førevegen, så du har nokre månader til å tenkje deg om før du gjer valet. Du skal melde deg opp på emne/tema innan 1. september, som er frist for semesterregistrering. Reelt sett bør du ha bestemt deg før semesteret startar, slik at du får med deg all undervisning i blokk 1.

Sidan menyen er ulik frå år til år, kan vi ikkje gje konkrete lovnader når det gjeld kva tema som vil vere tilgjengelege. Men felles for fordjupingstemaane er at du vil møte undervisarar som har forska på temaet dei underviser i. Du vil møte ein meir spesialisert forskingslitteratur enn den du har møtt på oversynsemna.

Fordjupingstema har ulike emnekodar, og undervisningsformene, dei obligatoriske komponentane og vurderingsform kan variere. Dette må du setje deg inn i, i samanheng med at du vurderer kva fordjupingstema du ynskjer å følgje. Nokre tema kan ha førelesingar, andre kan ha kombinasjon av førelesingar og seminar, medan andre tilbod kan ha større digitale komponentar, t.d. gjennom kombinasjon av digitale presentasjonar/førelesingar og diskusjonsbaserte oppfølgingsseminar. Nokre emnekodar har mappevurdering (sjå m.a. [HIS113](#), [HIS115](#)), medan andre har obligatoriske arbeidskrav (t.d. ei godkjent oppgåve), kombinert med ein avsluttande skuleeksamen (sjå m.a. [HIS114](#), [HIS116](#)).

Slik ser semester 4 ut (våren 2024)

Det fjerde semesteret får du verkeleg får prøve deg som historikar. Semesteret har to komponentar: For det fyrste skal du ta emnet [HIS203](#), som lærer deg å drøfte teoretiske og metodiske problem og sjølv å vurdere og bruke historiske kjelder. Undervisninga skjer i form av førelesingar og/eller seminar, og vert gjennomført i blokk 1, altså fram til midten av mars. Du skal levere to obligatoriske oppgåver på 1500 ord i løpet av blokka, og ta ein 3-dagars heimeeksamen på inntil 3000 ord.

For det andre skal du skrive eit sjølvstendig skriftleg vitskapleg arbeid, i form av ei bacheloroppgåve på inntil 6000 ord. Dette skjer under emnekoden [HIS250](#), og arbeidet med denne går føre seg gjennom heile semesteret. I fyrste halvdel av vårsemesteret må du altså arbeide parallelt med HIS203 og HIS250, medan du kan konsentrere deg fullt ut om bacheloroppgåva i andre halvdel av semesteret. Du vel temaområde og rettleiar for arbeidet tidleg i semesteret, ut frå ei liste som instituttet gjer tilgjengeleg. Nokre gonger kan det vere mogleg å skrive ei oppgåve som ligg tett på det området du har eitt av fordjupingsemna dine frå, om du ynskjer det.

På HIS250 må du levere prosjektskisse og oppgåveutkast innan gjevne fristar, og du må kommentere dei skriftelege arbeida til medstudentar. Det er ikkje noko fast pensum eller noko eige undervisningsopplegg, men du skal sjølv identifisere og arbeide med ein faglitteratur som skal ligge til grunn for oppgåva di. Forholdet til rettleiar og medstudentar er ei viktig ramme kring læringa. Du får karakter på bacheloroppgåva. Semesteret vert avslutta med ein justerande munnleg eksamen.

Spesifikt for deg med studieretning Midtausten

Nokre av dykk skal ta studiespesialiseringa *Fordjuping i Midtaustens historie*, som er ein særskild variant av bachelorprogrammet. Studieløpet dykkar er no identisk med løpet til dei andre bachelorstudentane i fyrste og andre semester. I tredje og fjerde semester er opplegget derimot annleis: I blokk 1 i tredje semester (hausten 2023) skal de ta emnet HIM101, Oversyn over Midtaustens historie. I blokk 2 skal de ta eit fordjupingsemne i Midtaustens historie. Tema og emnekode kan variere frå år til år (de får vite tema seinast saman med dei andre studentane, våren i førevegen). I blokk 4 tek de HIS203 saman med dei andre bachelorstudentane, men de skriv bacheloroppgåva knytt til eit Midtausten-tema, under emnekoden [HIM250](#).

Kva om dette opplegget ikkje passar for deg?

Av og til passar kan det skjer noko som gjer at studentar må endre på planane sine, og du kan ha behov for tilpassing. Året 2023 har instituttet nokre overgangsordningar, noko som inneber at det skal vere mogleg å ta eit fordjupingsemne i nyare historie på våren, og eit oversynsemne i eldre historie på hausten – begge deler etter gamal modell. Vi legg også opp til at studentar skal kunne skrive bacheloroppgåver på hausten. Ta kontakt med studierettleiar om du har spørsmål knytt til dine egne studieplanar: studierettleiar@ahkr.uib.no.

Informasjon til deg som starta på bachelorprogrammet i historie hausten 2021 og er ikkje forseinka med studiane

Bachelorprogrammet i historie er i endring. Om du starta på bachelorprogrammet hausten 2021 og ikkje er forseinka med studiane, har dette berre konsekvensar for fjerde semesteret ditt. Om du må ta opp att historieemne på 100-nivå, må du søkje informasjon på denne sida.

[\[kryssreferanse her til sida med info for dei som er forseinka med studiane\]](#)

Om du vil lese meir om motiva bak endringa, kan du sjå punktet «Kva vil vi oppnå?» på informasjonssida for dei nye bachelorstudentane i historie. [\[kryssreferanse til denne sida\]](#)

Om våren 2023

Med mindre du tek studiespesialiseringa i Midtaustens historie (for desse: sjå info nedanfor), skal du ta følgjande to emne våren 2023: HIS203 og HIS250. Desse to emna vert no organiserte noko annleis enn tidlegare.

[HIS203](#) (Teoriar, metodar og historiske kjelder) vert undervist i den nye blokkmodellen. Det inneber at undervisninga går føre seg meir fortetta, og at heile emnet vil vere avslutta innan midten av mars. Etter den reviderte emnebeskrivinga skal det leverast inn to obligatoriske oppgåver på inntil 1500 ord i løpet av semesteret. Undervisninga vert avslutta med ein tre-dagars heimeeksamen på inntil 3000 ord.

HIS203 vart tidlegare undervist gjennom heile semesteret. Når emnet no vert konsentrert til fyrste halvdel av semesteret, er ambisjonen at emnet i større grad skal kunne fungere som ein ressurs inn i arbeidet med bacheloroppgåva. At HIS203 er ferdig i midten av mars, gjer også at du kan konsentrere deg fullt ut om arbeidet med bacheloroppgåva i andre halvdel av semesteret.

[HIS250](#) er emnekoden for bacheloroppgåva. Mange av dei ytre rammene for oppgåva er dei same som tidlegare; når det gjeld fristar og former (obligatoriske innleveringar, krav til å kommentere tekstar frå andre studentar, omfangskrav og andre faglege og formelle krav til oppgåva, ein avsluttande justerande munnleg eksamen). Men vi gjennomfører også fleire endringar som vert sette i verk frå våren 2023:

- Vi kuttar banda mellom HIS250 og fordjupingsemna på 100-nivå. For mange kan det likevel vere mogleg å skrive oppgåve innanfor eit område som ein tidlegare har fordjupa seg i. Som bachelorstudent vil du få ein breiare meny å velje frå både når det gjeld temaområde og rettleiarar. Du får tilbod både om eldre og nyare historie i same semester.
- Vi har fjerna kravet til eit eige pensum på HIS250. Krava til å søkje opp og å bruke faglitteratur i arbeidet med oppgåva er likevel like tydelege som tidlegare, og tilhøvet mellom oppgåva di og den litteraturen du har nytta deg av kan vere naturlege tema under munnleg eksamen.

Særskilt for studentar med studieretning Midtausten

Om du ikkje er forseinka med studiane, har du allereie HIM101 og eit fordjupingsemne i Midtaustens historie. Etter gamal ordning skulle du no ha kombinert arbeidet med [HIM250](#) (bacheloroppgåva) med ytterlegare eitt fordjupingsemne i Midtaustens historie. HIM-studentane har difor ikkje hatt plass til teori- og metodeemne innanfor studieløpet sitt.

Omlegginga av undervisninga på historie inneber at det vert større likeverd mellom studentar som tek denne studiespesialiseringa og dei andre bachelorstudentane i historie: Frå 2023 skal også HIM-studentar ta [HIS203](#) (i blokk 1 i vårsemesteret, sjå informasjon ovanfor) i kombinasjon med bacheloroppgåva (altså HIM250).

Våren 2023 vil du som eit alternativ kunne ta emnet [HIM104](#) (Islam i Afrika sør for Sahara, cirka 1500–2000), om du ikkje allereie har dette fordjupingsemnet. HIM104 har digitale/førehandsinnspelte førelesingar, og oppfølging gjennom fysiske studentseminar på starten, undervegs og mot slutten av semesteret. Har du spørsmål til opplegget, ta kontakt med studierettleiar på studierettleiar@ahkr.uib.no.

Informasjon til deg som starta på bachelorprogrammet i historie hausten 2021 eller tidlegare og er forseinka med studiane

Bachelorprogrammet i historie er i endring, og dette vil ha konsekvensar også for deg som starta på studiet i 2021 eller tidlegare, og som av ulike grunnar er forseinka med studiane.

Studentgruppa du høyrer til er ikkje einsarta. Nokre må ta opp att eitt emne, andre har fleire emne å ta att. Nokre studerer på heiltid, andre på deltid. For nokre kan den nye modellen vere midt i blinken, for andre kan den skape problem. Om du er mellom dei sistnemnte, er trøysta at historiefaget vil ha ei overgangsordning i 2023, slik at det er mogleg å ta emne nokolunde ut frå same modell som tidlegare.

Hovudtrekk i den nye modellen

Omlegginga av undervisninga i historie har tre hovudkomponentar:

For det fyrste går vi i dei fleste emna over til såkalla blokkundervisning: I staden for at studentane tek to emne parallelt gjennom heile semesteret, deler ein no semesteret i to blokker: Studentane tek det eine emnet i blokk 1 og det andre emnet i blokk 2.

For det andre flyttar vi på ein del emne, slik at oversynsemna vert underviste om våren, og fordjupingsemna om hausten – og då slik at eldre historie kjem før nyare historie.

For det tredje gjer vi nokre endringar i obligatoriske komponentar og vurderingsform på fleire av emna, mellom anna for å understreke at historie er eit diskusjonsfag og ikkje eit «puggefag». Endringane er størst i andre og tredje semester (altså på 100-nivå), medan endringane er meir moderate i fjerde semester (altså på 200-nivå).

[\[modell over gamal og ny semesterorganisering inn her\]](#)

Om du vil lese meir om motiva bak endringa, kan du sjå punktet «Kva vil vi oppnå?» på informasjonssida for dei nye bachelorstudentane i historie. [\[Lekkje til denne sida\]](#)

Nedanfor informerer vi fyrst om korleis det nye bachelorprogrammet vil sjå ut på andre, tredje og fjerde semester. Du kan ut frå dette vurdere om du kan ta dei emna du manglar innanfor den nye modellen. Deretter skisserer vi overgangsordningane som vil gjelde i 2023, og som du må nytte deg av om den nye modellen passar dårleg ut frå studieplanane dine.

Slik vil undervisninga sjå ut i andre, tredje og fjerde semester ut frå ny modell:

Slik ser semester 2 ut (vårsemester)

På våren kan du ta to oversynsemne, eitt i blokk 1 (startar i veke 2, og avslutta i midten av mars), og eitt i blokk 2 (startar straks etter at blokk 1 er ferdig, og avslutta om lag 10. juni). Blokk 2 er noko lenger enn blokk 1 grunna skeivfordelinga av helgedagar på vårparten. Nøyaktig timeplan vert offentleggjort før semesterstart.

Du startar med [HIS101](#) (oversyn over eldre historie), og går direkte over til [HIS102](#) (oversyn over nyare historie). Les gjerne gjennom emnebeskrivingane, som kortfatta og poengtert gjer greie for kva emnet handlar om (Mål og innhald) og kva du skal sitje att med etter emnet (Læringsutbyte). Generelt kan vi seie at emna nettopp skal gje deg det store biletet, både når det gjeld norsk og internasjonal historie, og samstundes hjelpe deg å bli ein kritisk lesar og å formidle kunnskap gjennom skriftlege arbeid. Nokre få hovudverk inngår i pensumlitteraturen.

På HIS101 har studiet ei tydeleg tredeling: Du startar i antikken, går vidare til mellomalder, og endar opp i tidleg moderne tid (fram til ca. 1750). Undervisninga innan kvar av desse bolkane er fortetta – og etter at kvar bolc er ferdig, har du om lag ei veker tid til å skrive oppgåver som kvar er på om lag 1500 ord, og som inngår i ei samla mappe. Dei tre mappeoppgåvene utgjer i sum vurderingsgrunnlaget, altså grunnlaget for den karakteren du får.

På HIS102, som du altså startar på i midten av mars, er undervisninga organisert kring ein tydeleg kronologi, og med eit utval tema som går att på tvers av førelesingane. Vi har kutta skuleeksamen på emnet, men til gjengjeld krev vi no at du i løpet av undervisningsblokka løyser tre sett av fleirvalsoppgåver med spørsmål frå pensum. Dette er ein føresetnad for at du får vurdering i emnet. Eit stykke ut i undervisningsblokka får du vite tema for semesteroppgåva (på om lag 3000 ord), som du skal levere ved utgangen av semesteret. Det vil vere ein undervisningsfri periode på slutten av semesteret før innlevering. Semesteroppgåva utgjer åleine vurderingsgrunnlaget, altså grunnlaget for den karakteren du får. Oppgåva vil vere utforma på ein måte som stiller krav til at du har arbeidd systematisk og godt med emnet gjennom heile blokka.

Slik ser semester 3 ut (haustsemester)

Om hausten kan du ta to fordjupingstema, eitt i blokk 1 (startar når haustsemesteret startar), og avslutta om lag 10. oktober), og eitt i blokk 2 (startar straks etter at blokk 1 er ferdig, og avslutta ein gong i byrjinga av desember). Nøyaktig timeplan vert offentleggjort før semesterstart.

Logikken er den same som i semesteret i førevegen: Du startar med eldre historie, og går over til nyare historie. Men no skal du velje frå ein fagleg meny som vil skifte frå år til år, og som er ulik frå blokk til blokk. Oversyn over tilgjengelege undervisningstema på hausten vil bli offentleggjort våren i førevegen, så du har nokre månader til å tenkje deg om. Tenkinga må vere formelt sett vere ferdig før 1. september, som er frist for semesterregistrering. Reelt sett bør du ha bestemt deg før semesteret startar, slik at du også får med deg all undervisning i blokk 1.

Sidan menyen er ulik frå år til år, kan vi ikkje gje konkrete lovnader når det gjeld kva tema som vil vere tilgjengelege. Men felles for fordjupingstema er at du vil møte undervisarar som har forska på temaet dei underviser i. Du vil møte ein meir spesialisert forskingslitteratur enn den du har møtt på oversynsemna.

Fordjupingstema har ulike emnekodar, og undervisningsformene, dei obligatoriske komponentane og vurderingsform kan variere. Dette må du setje deg inn i, i samanheng med at du vurderer kva fordjupingstema du ynskjer å følgje. Nokre tema kan ha førelesingar, andre kan ha kombinasjon av førelesingar og seminar, medan andre tilbod kan ha større digitale komponentar, t.d. gjennom kombinasjon av digitale presentasjonar/førelesingar og

diskusjonsbaserte oppfølgingsseminar. Nokre emnekodar har mappevurdering (sjå m.a. [HIS113](#), [HIS115](#)), medan andre har obligatoriske arbeidskrav (t.d. ei godkjent oppgåve), kombinert med ein avsluttande skuleeksamen (sjå m.a. [HIS114](#), [HIS116](#)).

Slik ser semester 4 ut (vårsemester)

Det fjerde semesteret har to komponentar: For det fyrste skal du ta emnet [HIS203](#), som lærer deg å drøfte teoretiske og metodiske problem og sjølv å vurdere og bruke historiske kjelder.

Undervisninga skjer i form av førelesingar og/eller seminar, og vert gjennomført i blokk 1, altså fram til midten av mars. Du skal levere to obligatoriske oppgåver på 1500 ord i løpet av blokka, og ta ein 3-dagars heimeeksamen på inntil 3000 ord.

For det andre skal du skrive eit sjølvstendig skriftleg vitskapleg arbeid, i form av ei bacheloroppgåve på inntil 6000 ord. Dette skjer under emnekoden [HIS250](#), og arbeidet med denne går føre seg gjennom heile semesteret. I fyrste halvdel av vårsemesteret må du altså arbeide parallelt med HIS203 og HIS250, medan du kan konsentrere deg fullt ut om oppgåva i andre halvdel av semesteret. Du vel temaområde og rettleiar for arbeidet tidleg i semesteret, ut frå ei liste som instituttet gjer tilgjengeleg. Nokre gonger kan det vere mogleg å skrive ei oppgåve som ligg tett på det området du har eitt av fordjupingsemna dine frå, om du ynskjer det.

På HIS250 må du levere prosjektskisse og oppgåveutkast innan gjevne fristar, og det er kravd at du kommenterer dei skriftelege arbeida til medstudentar. Det er ikkje lenger noko fast pensum eller noko eige undervisningsopplegg, men du skal sjølv identifisere og arbeide med ein faglitteratur som skal liggje til grunn for oppgåva di, og forholdet til rettleiar og medstudentar er ei viktig ramme kring læringa. Du får karakter på bacheloroppgåva. Semesteret vert avslutta med ein justerande munnleg eksamen.

Spesifikt for deg med studieretning Midtausten

Det skjer visse endringar i spesialiseringa i Midtaustens historie. Undervisningstilbodet på 100-nivå vert no samla i tredje semester, altså om hausten: Emnet HIM101 er passert i blokk 1 på hausten, medan de tek eit fordjupingsemne i Midtaustens historie i blokk 2. Temaet og emnekoden vil kunne variere frå år til år.

Tidlegare har det vore eit andre fordjupingsemne for HIM-studentane i fjerde semester, altså parallelt med arbeidet med bacheloroppgåva (som har emnekoden [HIM250](#) for dei som skriv om Midtausten). No skal også studentar på denne studiespesialiseringa ta teori- og metodeemnet [HIS203](#) (sjå omtale ovanfor). I denne samanheng forsvinn emnekoden HIM201, som var ein emnekode for Midtausten-emne med vekslende tematisk innhald.

Overgangsordningar om modellen ikkje passar for deg

For nokre av dykk kan det vere problematisk at emne skiftar semester. For dykk har vi difor utvikla ei overgangsordning som gjer at du i året 2023 enno kan ta kombinasjonen av oversyns-

og fordjupingsemne i nyare historie i vårsemesteret, og kombinasjonen oversyns- og fordjupingsemne i eldre historie i haustsemesteret.

Vårsemesteret 2023 – overgangsordning: For at du skal kunne ta eit vårsemester etter «gamal modell», tilbyr vi tre fordjupingsemne i nyare historie våren 2023. Alle desse går blokkfritt, og gjennom heile semesteret: Det gjeld emna:

- [HIS108](#): Oversikt over kvinne- og kjønns historie
- [EUR103](#): Europe after 1945: Transformations in European Economies and Societies
- [HIM104](#) Islam i Afrika sør for Sahara, ca. 1500–2000

HIS108 og EUR103 har vanlege førelesingar gjennom heile semesteret. HIM104 har digitale/førehandsinnspelte førelesingar, og oppfølging gjennom fysiske studentseminar på starten, undervegs og mot slutten av semesteret.

[HIS102](#), altså oversynsemnet, går altså framleis i vårsemesteret, men vel å merke i blokk, slik at undervisninga fyrst startar i andre halvdel av mars. Om du skal ta HIS102 pluss eit fordjupingsemne, må du altså planleggje arbeidet slik at dette lèt seg gjennomføre utan opphopping av arbeid mot slutten av semesteret. Det er naturlegvis ikkje noko i vegen for at du startar å lese på HIS102-pensum allereie frå januar av. HIS102 vil vere kollisjonssikra mot dei tre fordjupingsemna (dvs. at du ikkje risikerer at du har to førelesingar du må følgje på same tid). Eksamen i dei tre fordjupingsemna er på slutten av semesteret. Også leveringsfrist for semesteroppgåva («eksamen») på HIS102 er på slutten av semesteret.

Hautsemesteret 2023 – overgangsordning: For at du skal kunne ta eit haustsemester etter «gamal modell», legg vi til rette for at du kan ta [HIS101](#), fordjupingsemnet i eldre historie. Reint praktisk tilbyr vi deg det same tilbodet av fordjupingsemne i eldre historie som dei andre studentane i blokk 1, noko som inneber at du er ferdig med dette emnet til 10. oktober. Så tilbyr vi HIS101 ekstraordinært som ei digital løysing gjennom heile semesteret, i form av opptak av undervisning og eit tilbod om studentseminar. Fristar for å levere mappeoppgåver vil då vere avpassa til dei plikter som studentar som følgjer fordjupingsemna vil ha. Leveringsfrist for den ferdige mappa på HIS101 vil vere i byrjinga av desember.

Presisering om bacheloroppgåva: Sjølv om HIS250 og HIM250 primært vil vere eit tilbod på våren, vil det vere mogleg å ta desse emna også om hausten. Det vil då vere ein god del smalare tematisk meny å velje frå enn om våren. Når det gjeld HIS203, tilbyr vi dette berre på våren frå no av.

Ta kontakt med studierettleiar om du har spørsmål knytt til dine eigne studieplanar: studierettleiar@ahkr.uib.no.

Informasjon til deg som starta på lektorprogrammet hausten 2022, og har historie som fag 1

Historieundervisninga vert omorganisert frå nyttår av, og dette har også konsekvensar for deg som går på lektorprogrammet: Vi samlar oversynsemna om våren og fordjupingsemna om hausten, og vi går over til ein blokkmodell, noko som inneber at vi underviser meir fortetta i kvart einskild emne, og at vi skiftar frå det fyrste emnet til det neste midt i semesteret. Du får detaljane om kva dette inneber, semester for semester, i oversynet nedanfor.

Kva vil vi oppnå?

Omlegginga vart planlagt i samband med ei reform som eigentleg handlar om å skape betre vilkår for forskinga på universitetet. Men forskning og undervisning heng tett saman her på UiB, og vi på historie ser dette som eit godt høve til å få gjort nokre viktige grep for å styrkje undervisningstilbodet vårt, og for å utvikle modellar som kan fungere godt for studentar som følgjer ulike program. Vi har omorganisert ut frå følgjande målsetnader:

Eit meir logisk oppbygd program: Lektorprogrammet er komplekst, og det vert for tida arbeid med å finne ei ny og betre organisasjonsform for heile programmet. Reformene historie gjer i denne omgang bidreg vonleg til at framdrifta i profesjonsdelen av studiet vert lettare å sjå: Frå no av vert det eldre historie før nyare historie, og vi gjer oss ferdige med oversynsemna før vi gjev oss i kast med fordjupingsemna.

Den nye modellen gjev deg ein tydeleg progresjon i utdanningsløpet: frå *innføring* i fyrste semester, til *oversyn* i andre semester, så vidare til *fordjuping* i tredje semester. Når du vender tilbake til historiefaget i sjette semester, er den metodiske og teoretiske skuleringa du får eit steg vidare i retning *spesialisering* – og når du startar på masterstudiet i historie, lærer du deg å meistre *vitskapsfaget historie*.

Ein meir oversiktleg – og sosial – studiekvardag: Når vi har spurt tidlegare kull av historiestudentar om kva dei finn krevjande med studiet, er det nokre svar som går att: Fleire meiner at det er vanskeleg å organisere studiekvardagen sin, og å fordele arbeidsinnsatsen mellom dei emna dei tek parallelt. Sjølv for dei mest disiplinerte kan det vere freistande å skubbe på studiearbeidet fram til ein alt for hektisk innsjutt i slutten av semesteret.

Vi kan ikkje love at alle desse problema forsvinn, men vi har ein ambisjon om at omlegginga skal gjere studentkvardagen enklare å handtere. Blokkmodellen – som du som lektorstudent vil møte i den «reinaste» forma i andre semester – inneber at du kan konsentrere deg om eitt emne om gangen. Kvart emne skal gjennomførast på halve tida, og dette inneber at tida fram til avsluttande innlevering eller eksamen vert kortare. Det høyrer kanskje skummelt ut, men den totale arbeidsmengda er nett den same som før – og den plagsame *prokastineringa*, altså den tendensen mange av oss har til å utsetje daglegdagse plikter – vert vonleg lettare å overvinne når perspektivet er: eit halvt semester om gangen.

Som lektorstudent har du allereie fordelene av å vere del av ei studentgruppe som du vert godt kjent med undervegs i studieløpet. Men vi vonar at også sjølve historietilbodet vert meir sosialt. Sidan undervisninga på kvart einskild emne er meir fortetta, møter du den same gjengen av

studentar oftare enn tidlegare. Vi vonar det vil gjere det enklare å knyte gode faglege og sosiale kontaktar i studentkullet, noko som ofte er to sider av same sak. Studentfellesskapet er viktig både for fagleg utvikling og sosial trivsel.

Ein modell for betre læring: Vi skal ikkje underslå at overgangen til blokkundervisning har nokre kostnader. Når dei fleste emne skal gjennomførast på halve tida, kan nokre kanskje oppleve at tida til fagleg modning vert knappare. Og det er naturlegvis slik at ein jamt over går glipp av meir undervisning på kvart einskild emne ved lengre fråvær når du tek eitt emne om gangen, i staden for to emne parallelt. Vi trur likevel at den nye modellen i sum gjev betre føresetnader for læring. For oss som underviser vert det meir spelerom for å tenkje alternativt når det gjeld undervisninga, og vonleg også for å finne fram til former som opnar for mindre einvegskommunikasjon og meir studentaktivitet. Den meir logiske oppbygginga gjer det også enklare for oss å tenkje progresjon og samanheng på tvers av emne.

Gjennom endringar vi gjer i obligatoriske komponentar og vurderingsform, ynskjer vi også å leggje til rette for ein annan type læring. Nokre studentar har opplevd historie som eit «puggefag», mellom anna fordi vi har hatt emne der eksamensforma signaliserer at det er detaljkunnskap som er det viktige. Forventningane om at du skal delta i undervisning og arbeidet systematisk og inngåande med litteraturen, er *ikkje* vortne mindre. Men vi legg no endå meir vekt på at historie skal vere eit diskusjonsfag, og at studentane våre gjennom oppgåver og prøving skal skulerast i å skrive akademiske tekstar med drøfting og dokumentasjon. Sjølv om det enno er viktig å ha det vi kallar realkunnskapar, er endå viktigare å kunne bruke kunnskapane du tileignar deg gjennom undervisning og pensum i skriftlege arbeid, til å sjå samanhengar og motsetnader, og til å føre ein argumentasjon.

Slik ser semester 2 ut (våren 2023)

Etter gamal modell ville studentar med historie som fag 1 ha teke kombinasjonen av oversyn og fordjuping i nyare historie i andresemesteret. Men du skal i staden ta to oversynsemne våren 2023, eitt i blokk 1 (startar i veke 2, og avslutta i midten av mars), og eitt i blokk to (startar straks etter at blokk 1 er ferdig, og avslutta om lag 10. juni). Blokk 2 er noko lenger enn blokk 1 grunna skeivfordelinga av helgedagar på vårparten. Nøyaktig timeplan vert offentleggjort før semesterstart.

Du startar med [HIS101](#) (oversyn over eldre historie), og går direkte over til [HIS102](#) (oversyn over nyare historie). Les gjerne gjennom emnebeskrivingane, som kortfatta og poengtert gjer greie for kva emnet handlar om (Mål og innhald) og kva du skal sitje att med etter emnet (Læringsutbyte). Generelt kan vi seie at emna nettopp skal gje deg det store biletet, både når det gjeld norsk og internasjonal historie, og samstundes hjelpe deg å bli ein kritisk lesar og å formidle kunnskap gjennom skriftlege arbeid. Nokre få hovudverk inngår i pensumlitteraturen.

På HIS101 har studiet ei tydeleg tredeling: Du startar i *antikken*, går vidare til *mellomalder*, og endar opp i *tidleg moderne tid* (fram til ca. 1750). Undervisninga innan kvar av desse bolkane er fortetta, og etter at kvar bolke er ferdig, har du om lag ei veker tid til å skrive oppgåver som kvar er på om lag 1500 ord, og som inngår i ei samla mappe. Dei tre mappeoppgåvene utgjer i sum vurderingsgrunnlaget, altså grunnlaget for den karakteren du får.

På HIS102, som du altså startar på i midten av mars, er undervisninga organisert kring ein tydeleg kronologi, og med eit utval tema som går att på tvers av. Vi har kutta skuleeksamen på emnet, men til gjengjeld krev vi no at du i løpet av undervisningsblokka løyser tre sett av fleirvalsoppgåver med spørsmål frå pensum. Dette er ein føresetnad for at du får vurdering i emnet. Eit stykke ut i undervisningsblokka får du vite tema for semesteroppgåva (på om lag 3000 ord), som du skal levere ved utgangen av semesteret. Det vil vere ein undervisningsfri periode på slutten av semesteret før innlevering. Semesteroppgåva utgjer åleine vurderingsgrunnlaget, altså grunnlaget for den karakteren du får. Oppgåva vil vere utforma på ein måte som stiller krav til at du har arbeidd systematisk og godt med emnet gjennom heile blokka.

Slik ser semester 3 ut (hausten 2023)

Haugsten er meir komplisert, for som lektorstudent skal du gjennomføre heile fem ulike komponentar: to disiplinemne, eit didaktikkemne, eit pedagogikkemne og kortpraksis. Skilnaden samanlikna med tidlegare modell, er at du no skal ta eit *fordjupingsemne i historie* denne hausten (i staden for oversynsemnet i eldre historie, som du då allereie vil ha teke).

Etter overgangen til blokkmodellen tilbyr historie fordjupingsemne i to omgangar; vi har éin meny av fordjupingsemne i eldre historie i blokk 1 (startar når haustsemesteret startar, og avslutta om lag 10. oktober), og éin meny av fordjupingsemne i nyare historie i blokk 2 (startar straks etter at blokk 1 er ferdig, og avslutta ein gong i byrjinga av desember).

I teorien kan du som lektorstudent velje fritt frå menyen av tilgjengelege fordjupingstema, på lik linje med historiestudentar frå andre program. I praksis er det ikkje så enkelt, for det er vanskeleg å unngå kollisjonar mellom det som går føre seg på fordjupingsemna på den eine sida, og pedagogikk-/didaktikkemna og praksisen på den andre sida. Difor kjem instituttet til å sikre seg at eit utval av fordjupingstema kjem til å vere kollisjonssikra for lektorstudentar, og de vil få råd om å velje eitt av desse. Oversyn over tilgjengelege fordjupingstema vert gjort tilgjengeleg i god tid i førevegen. Du må ha valt tema før fristen for semesterregistrering (1. september).

Sidan menyen er ulik frå år til år, kan vi ikkje gje konkrete lovnader når det gjeld kva tema som vil vere tilgjengelege. Men felles for fordjupingstema er at du vil møte undervisarar som har forska på temaet dei underviser i. Du vil møte ein meir spesialisert forskingslitteratur enn den du har møtt på oversynsemna.

Fordjupingstema har ulike emnekodar, og undervisningsformene, dei obligatoriske komponentane og vurderingsform kan variere. Dette må du setje deg inn i, i samanheng med at du vurderer kva fordjupingstema du ynskjer å følgje. Nokre tema kan ha førelesingar, andre kan ha kombinasjon av førelesingar og seminar, medan andre tilbod kan ha større digitale komponentar, t.d. gjennom kombinasjon av digitale presentasjonar/førelesingar og diskusjonsbaserte oppfølgingsseminar. Nokre emnekodar har mappevurdering (sjå m.a. [HIS113](#), [HIS115](#)), medan andre har obligatoriske arbeidskrav (t.d. ei godkjent oppgåve), kombinert med ein avsluttande skuleeksamen (sjå m.a. [HIS114](#), [HIS116](#)).

Slik ser semester 6 ut

Etter ein lengre pause møter du historiefaget att på sjette semester, som vil vere våren 2025 om du ikkje vert forseinka med studiane. Her skjer det inga endring i fagsamansetnaden, men for dei som skal ta [HIS203](#), vert dette emnet no gjennomført i blokk 1, og vert avslutta i midten av mars. Emnet hadde tidlegare ein kombinasjon av to obligatoriske oppgåver og mappevurdering. Dette vert no erstatta av kombinasjonen av to obligatoriske oppgåver og ein avsluttande 3-dagars heimeeksamen på 3000 ord.

Endringar på masterstudiet

Overgangen til blokkundervisning har relativt små konsekvensar for masterprogrammet i historie. Den viktigaste skilnaden for deg som er masterstudent, er at emnet [HIS302L](#) (Historiografi for lektorstudentar) kjem til å bli lagt til blokk 1, altså fyrste halvdel av haustsemesteret (semester 7 på studiet, som vil vere hausten 2025 om du ikkje er forseinka med studiane). Emnet vil vere tilrettelagt med sikte på å unngå kollisjonar med fagdidaktikk og praksisperiodar.

Ta kontakt med studierettleiar om du har spørsmål knytt til dine egne studieplanar:
studierettleiar@ahkr.uib.no.

Informasjon til deg som starta på lektorprogrammet hausten 2021, og har historie som fag 1

Historieundervisninga vert omorganisert frå nyttår av, og dette har også konsekvensar for deg som går på lektorprogrammet. Men dei største skilnadene skjer på andre og tredje semester, der emne skiftar plass frå vår til haust, og omvendt. For deg som starta på historie hausten 2021 og ikkje er forseinka med studiane, er skilnadene samanlikna med gamal modell mindre

Om du vil lese meir om motiva bak endringa, kan du sjå punktet «Kva vil vi oppnå?» på informasjonssida for dei nye lektorstudentane i historie. [\[Kryssreferanse\]](#)

Om du er forseinka med studiane og må ta opp att fag frå fyrste, andre eller tredje semester, må du i staden lese denne teksten.) [\[Kryssreferanse\]](#)

Endringar på bachelornivå

Du skal frå nyttår av ha ein pause frå historiefaget, og møter det fyrst att i sjette semester – altså våren 2024. Skilnaden samanlikna med tidlegare undervisningsmodell, er at emnet [HIS203](#) (Teoriar, metodar og historiske kjelder) vert gjennomført i blokk 1, og vert avslutta i midten av mars. Emnet hadde tidlegare ein kombinasjon av to obligatoriske oppgåver og mappevurdering. Dette vert no erstatta av kombinasjonen av to obligatoriske oppgåver og ein avsluttande 3-dagars heimeeksamen på 3000 ord.

Endringar på masternivå

Overgangen til blokkundervisning har relativt små konsekvensar for masterdelen av lektorprogrammet. Den viktigaste skilnaden for deg som er masterstudent, er at emnet [HIS302L](#) (Historiografi for lektorstudentar) kjem til å bli lagt til blokk 1, altså fyrste halvdel av haustsemesteret (semester 7 på studiet, som vil vere hausten 2025 om du ikkje vert forseinka med studiane). Emnet vil vere tilrettelagt med sikte på å unngå kollisjonar med fagdidaktikk og praksisperiodar.

Har du spørsmål knytt til endringane, ta kontakt med studierettleiar på studierettleiar@ahkr.uib.no.

Informasjon til deg som starta på lektorprogrammet hausten 2020, og har historie som fag 1

Historieundervisninga vert omorganisert frå nyttår av, og dette har også konsekvensar for deg som går på lektorprogrammet. Men dei største skilnadene skjer på andre og tredje semester, der emne skiftar plass frå vår til haust, og omvendt. For deg som starta på historie hausten 2020 og ikkje er forseinka med studiane, er skilnadene samanlikna med gamal modell mindre

Om du vil lese meir om motiva bak endringa, kan du sjå punktet «Kva vil vi oppnå?» på informasjonssida for dei nye lektorstudentane i historie. [\[Kryssreferanse\]](#)

Om du er forseinka med studiane og må ta opp att fag frå fyrste, andre eller tredje semester, må du i staden lese denne teksten.) [\[Kryssreferanse\]](#)

Endringar på bachelornivå

Etter eitt års pause frå historiefaget møter du det att i sjette semester, altså våren 2023. Skilnaden samanlikna med tidlegare undervisningsmodell, er at emnet [HIS203](#) (Teoriar, metodar og historiske kjelder) vert gjennomført i blokk 1, og vert avslutta i midten av mars. Emnet hadde tidlegare ein kombinasjon av to obligatoriske oppgåver og mappevurdering. Dette vert no erstatta av kombinasjonen av to obligatoriske oppgåver og ein avsluttande 3-dagars heimeeksamen på 3000 ord.

Endringar på masternivå

Overgangen til blokkundervisning har relativt små konsekvensar for masterdelen av lektorprogrammet. Den viktigaste skilnaden for deg som er masterstudent, er at emnet [HIS302L](#) (Historiografi for lektorstudentar) kjem til å bli lagt til blokk 1, altså fyrste halvdel av haustsemesteret (semester 7 på studiet, som vil vere hausten 2025 om du ikkje vert forseinka med studiane). Emnet vil vere tilrettelagt med sikte på å unngå kollisjonar med fagdidaktikk og praksisperiodar.

Har du spørsmål knytt til endringane, ta kontakt med studierettleiar på studierettleiar@ahkr.uib.no.

Informasjon til deg som starta på lektorprogrammet hausten 2022, og har historie som fag 2

Historieundervisninga vert omorganisert frå nyttår av, og dette har også konsekvensar for deg som går på lektorprogrammet: Vi samlar oversynsemna om våren og fordjupingsemna om hausten, og vi går over til ein blokkmodell, noko som inneber at vi underviser meir fortetta i kvart einskild emne, og at vi skiftar frå det fyrste emnet til det neste midt i semesteret.

Du møter historiefaget som disiplinfag i semester 4 (våren 2024), semester 5 (hausten 2024) og semester 6 (våren 2025). Det endra opplegget for desse semestera er skildra nedanfor.

Kva vil vi oppnå?

Omlegginga vart planlagt i samband med ei reform som eigentleg handlar om å skape betre vilkår for forskinga på universitetet. Men forskning og undervisning heng tett saman her på UiB, og vi på historie ser dette som eit godt høve til å få gjort nokre viktige grep for å styrkje undervisningstilbodet vårt, og for å utvikle modellar som kan fungere godt for studentar som følgjer ulike program. Vi har omorganisert ut frå følgjande målsetnader:

Eit meir logisk oppbygd program: Lektorprogrammet er komplekst, og det vert for tida arbeid med å finne ei ny og betre organisasjonsform for heile programmet. Reformene historie gjer i denne omgang bidreg vonleg til at framdrifta i profesjonsdelen av studiet vert lettare å sjå: Frå no av vert det eldre historie før nyare historie, og vi gjer oss ferdige med oversynsemna før vi gjev oss i kast med fordjupingsemna.

Den nye modellen gjev deg ein tydeleg progresjon i utdanningsløpet: frå oversyn (semester 4) til fordjuping (semester 5) til spesialisering (semester 6, med bacheloroppgåva).

Ein meir oversiktleg – og sosial – studiekvardag: Når vi har spurt tidlegare kull av historiestudentar om kva dei finn krevjande med studiet, er det nokre svar som går att: Fleire meiner at det er vanskeleg å organisere studiekvardagen sin, og å fordele arbeidsinnsatsen mellom dei emna dei tek parallelt. Sjølv for dei mest disiplinerte kan det vere freistande å skubbe på studiearbeidet fram til ein alt for hektisk innspurt i slutten av semesteret.

Vi kan ikkje love at alle desse problema forsvinn, men vi har ein ambisjon om at omlegginga skal gjere studentkvardagen enklare å handtere. Blokkmodellen – som du som lektorstudent vil møte i den «reinaste» forma i andre semester – inneber at du kan konsentrere deg om eitt emne om gangen. Kvart emne skal gjennomførast på halve tida, og dette inneber at tida fram til avsluttande innlevering eller eksamen vert kortare. Det høyrer kanskje skummelt ut, men den totale arbeidsmengda er nett den same som før – og den plagsame *prokastineringa*, altså den tendensen mange av oss har til å utsetje daglegdagse plikter – vert vonleg lettare å overvinne når perspektivet er: eit halvt semester om gangen.

Som lektorstudent har du allereie fordelene av å vere del av ei studentgruppe som du vert godt kjent med undervegs i studieløpet. Men vi vonar at også sjølve historietilbodet vert meir sosialt. Sidan undervisninga på kvart einskild emne er meir fortetta, møter du den same gjengen av studentar oftare enn tidlegare. Vi vonar det vil gjere det enklare å knyte gode faglege og sosiale

kontaktar i studentkullet, noko som ofte er to sider av same sak. Studentfellesskapet er viktig både for fagleg utvikling og sosial trivsel.

Ein modell for betre læring: Vi skal ikkje underslå at overgangen til blokkundervisning har nokre kostnader. Når dei fleste emne skal gjennomførast på halve tida, kan nokre kanskje oppleve at tida til fagleg modning vert knappare. Og det er naturlegvis slik at ein jamt over går glipp av meir undervisning på kvart einskild emne ved lengre fråvær når du tek eitt emne om gangen, i staden for to emne parallelt. Vi trur likevel at den nye modellen i sum gjev betre føresetnader for læring. For oss som underviser vert det meir spelerom for å tenkje alternativt når det gjeld undervisninga, og vonleg også for å finne fram til former som opnar for mindre einvegskommunikasjon og meir studentaktivitet. Den meir logiske oppbygginga gjer det også enklare for oss å tenkje progresjon og samanheng på tvers av emne.

Gjennom endringar vi gjer i obligatoriske komponentar og vurderingsform, ynskjer vi også å leggje til rette for ein annan type læring. Nokre studentar har opplevd historie som eit «puggefag», mellom anna fordi vi har hatt emne der eksamensforma signaliserer at det er detaljkunnskap som er det viktige. Forventningane om at du skal delta i undervisning og arbeidet systematisk og inngåande med litteraturen, er *ikkje* vortne mindre. Men vi legg no endå meir vekt på at historie skal vere eit diskusjonsfag, og at studentane våre gjennom oppgåver og prøving skal skulerast i å skrive akademiske tekstar med drøfting og dokumentasjon. Sjølv om det enno er viktig å ha det vi kallar realkunnskapar, er endå viktigare å kunne bruke kunnskapane du tileignar deg gjennom undervisning og pensum i skriftlege arbeid, til å sjå samanhengar og motsetnader, og til å føre ein argumentasjon.

Slik ser semester 4 ut (våren 2024)

Etter gamal modell ville studentar med historie som fag 2 ha teke kombinasjonen av oversyn og fordjuping i nyare historie i fjerdemesteret. Men du skal i staden ta to oversynsemne våren 2023, eitt i blokk 1 (startar i veke 2, og avslutta i midten av mars), og eitt i blokk to (startar straks etter at blokk 1 er ferdig, og avslutta om lag 10. juni). Blokk 2 er noko lenger enn blokk 1 grunna skeivfordelinga av helgedagar på vårparten. Nøyaktig timeplan vert offentleggjort før semesterstart.

Du startar med [HIS101](#) (oversyn over eldre historie), og går direkte over til [HIS102](#) (oversyn over nyare historie). Les gjerne gjennom emnebeskrivingane, som kortfatta og poengtert gjer greie for kva emnet handlar om (Mål og innhald) og kva du skal sitje att med etter emnet (Læringsutbyte). Generelt kan vi seie at emna nettopp skal gje deg det store biletet, både når det gjeld norsk og internasjonal historie, og samstundes hjelpe deg å bli ein kritisk lesar og å formidle kunnskap gjennom skriftlege arbeid. Nokre få hovudverk inngår i pensumlitteraturen.

På HIS101 har studiet ei tydeleg tredeling: Du startar i *antikken*, går vidare til *mellomalder*, og endar opp i *tidleg moderne tid* (fram til ca. 1750). Undervisninga innan kvar av desse bolkane er fortetta, og etter at kvar bolc er ferdig, har du om lag ei veker tid til å skrive oppgåver som kvar er på om lag 1500 ord, og som inngår i ei samla mappe. Dei tre mappeoppgåvene utgjer i sum vurderingsgrunnlaget, altså grunnlaget for den karakteren du får.

På HIS102, som du altså startar på i midten av mars, er undervisninga organisert kring ein tydeleg kronologi, og med eit utval tema som går att på tvers av førelesingane. Vi har kutta skuleeksamen på emnet, men til gjengjeld krev vi no at du i løpet av undervisningsblokka løyser tre sett av fleirvalsoppgåver med spørsmål frå pensum. Dette er ein føresetnad for at du får vurdering i emnet. Eit stykke ut i undervisningsblokka får du vite tema for semesteroppgåva (på om lag 3000 ord), som du skal levere ved utgangen av semesteret. Det vil vere ein undervisningsfri periode på slutten av semesteret før innlevering. Semesteroppgåva utgjer åleine vurderingsgrunnlaget, altså grunnlaget for den karakteren du får. Oppgåva vil vere utforma på ein måte som stiller krav til at du har arbeidd systematisk og godt med emnet gjennom heile blokka.

Slik ser semester 5 ut (hausten 2024)

Hausten (semester 5) er meir komplisert, for som lektorstudent skal du gjennomføre heile fem ulike komponentar: to disiplinemne, eit didaktikkemne, eit pedagogikkemne og kortpraksis. Skilnaden samanlikna med tidlegare modell, er at du no skal ta eit *fordjupingsemne i historie* denne hausten (i staden for oversynsemnet i eldre historie, som du då allereie vil ha teke).

Etter overgangen til blokkmodellen tilbyr historie fordjupingsemne i to omgangar; vi har éin meny av fordjupingsemne i eldre historie i blokk 1 (startar når haustsemesteret startar, og avslutta om lag 10. oktober), og éin meny av fordjupingsemne i nyare historie i blokk 2 (startar straks etter at blokk 1 er ferdig, og avslutta ein gong i byrjinga av desember).

I teorien kan du som lektorstudent velje fritt frå menyen av tilgjengelege fordjupingstema, på lik linje med historiestudentar frå andre program. I praksis er det ikkje så enkelt, for det er vanskeleg å unngå kollisjonar mellom det som går føre seg på fordjupingsemna på den eine sida, og pedagogikk-/didaktikkemna og praksisen på den andre sida. Difor kjem instituttet til å sikre seg at eit utval av fordjupingstema kjem til å vere kollisjonssikra for lektorstudentar, og de vil få råd om å velje eitt av desse. Oversyn over tilgjengelege fordjupingstema vert gjort tilgjengelege i god tid i førevegen. Du må ha valt tema før fristen for semesterregistrering (1. september).

Sidan menyen er ulik frå år til år, kan vi ikkje gje konkrete lovnader når det gjeld kva tema som vil vere tilgjengelege. Men felles for fordjupingstema er at du vil møte undervisarar som har forska på temaet dei underviser i. Du vil møte ein meir spesialisert forskingslitteratur enn den du har møtt på oversynsemna.

Fordjupingstema har ulike emnekodar, og undervisningsformene, dei obligatoriske komponentane og vurderingsform kan variere. Dette må du setje deg inn i, i samanheng med at du vurderer kva fordjupingstema du ynskjer å følgje. Nokre tema kan ha førelesingar, andre kan ha kombinasjon av førelesingar og seminar, medan andre tilbod kan ha større digitale komponentar, t.d. gjennom kombinasjon av digitale presentasjonar/førelesingar og diskusjonsbaserte oppfølgingsseminar. Nokre emnekodar har mappevurdering (sjå m.a. [HIS113](#), [HIS115](#)), medan andre har obligatoriske arbeidskrav (t.d. ei godkjent oppgåve), kombinert med ein avsluttande skuleeksamen (sjå m.a. [HIS114](#), [HIS116](#)).

Slik ser semester 6 ut (våren 2025)

Sjette semester skal du skrive ei bacheloroppgåve i historie under emnekoden [HIS250L](#). Oppgåva skal ha eit omfang på om lag 4000 ord. Tidlegare har desse oppgåvene vore skrivne i direkte tilknytning til eit undervisningstilbod (fordjupingsemne) på 100-nivå. Dette er det no slutt på, noko som inneber at det ikkje er nokon «kollisjonsproblematikk» knytt til dei andre emna du skal ta same semester (emne i fag 1 og fagdidaktikk). Nytt er det også at vi har fjerna krav om å leggje opp eit eige pensum, og det er ikkje lenger munnleg eksamen på grunnlag av bacheloroppgåva.

Du vel temaområde og rettleiar for arbeidet tidleg i semesteret, ut frå ei liste som instituttet gjer tilgjengeleg. Nokre gonger kan det vere mogleg å skrive ei oppgåve som ligg tett på det området du har fordjupa deg i tidlegare, om du ynskjer det.

På HIS250L må du levere prosjektskisse og oppgåveutkast innan gjevne fristar, og du må kommentere dei skriftelege arbeida til medstudentar. Det er altså ikkje lenger noko fast pensum eller noko eige undervisningsopplegg, men du skal sjølv identifisere og arbeide med ein faglitteratur som skal liggje til grunn for oppgåva di. Forholdet til rettleiar og medstudentar er ei viktig ramme kring læringa. Karakteren på bacheloroppgåva utgjer karakteren på heile emnet.

Ta kontakt med studierettleiar om du har spørsmål knytt til dine eigne studieplanar: studierettleiar@ahkr.uib.no.

Informasjon til deg som starta på lektorprogrammet hausten 2021, og har historie som fag 2

Historieundervisninga vert omorganisert frå nyttår av, og dette har også konsekvensar for deg som går på lektorprogrammet: Vi samlar oversynsemna om våren og fordjupingsemna om hausten, og vi går over til ein blokkmodell, noko som inneber at vi underviser meir fortetta i kvart einskild emne, og at vi skiftar frå det fyrste emnet til det neste midt i semesteret.

Du møter historiefaget som disiplinfag i semester 4 (våren 2023), semester 5 (hausten 2023) og semester 6 (våren 2024). Det endra opplegget for desse semestera er skildra nedanfor.

Kva vil vi oppnå?

Omlegginga vart planlagt i samband med ei reform som eigentleg handlar om å skape betre vilkår for forskinga på universitetet. Men forskning og undervisning heng tett saman her på UiB, og vi på historie ser dette som eit godt høve til å få gjort nokre viktige grep for å styrkje undervisningstilbodet vårt, og for å utvikle modellar som kan fungere godt for studentar som følgjer ulike program. Vi har omorganisert ut frå følgjande målsetnader:

Eit meir logisk oppbygd program: Lektorprogrammet er komplekst, og det vert for tida arbeid med å finne ei ny og betre organisasjonsform for heile programmet. Reformene historie gjer i denne omgang bidreg vonleg til at framdrifta i profesjonsdelen av studiet vert lettare å sjå. Frå no av vert det eldre historie før nyare historie, og vi gjer oss ferdige med oversynsemna før vi gjev oss i kast med fordjupingsemna.

Den nye modellen gjev deg ein tydeleg progresjon i utdanningsløpet: frå oversyn (semester 4) til fordjuping (semester 5) til spesialisering (semester 6, med bacheloroppgåva).

Ein meir oversiktleg – og sosial – studiekvardag: Når vi har spurt tidlegare kull av historiestudentar om kva dei finn krevjande med studiet, er det nokre svar som går att: Fleire meiner at det er vanskeleg å organisere studiekvardagen sin, og å fordele arbeidsinnsatsen mellom dei emna dei tek parallelt. Sjølv for dei mest disiplinerte kan det vere freistande å skubbe på studiearbeidet fram til ein alt for hektisk innspurt i slutten av semesteret.

Vi kan ikkje love at alle desse problema forsvinn, men vi har ein ambisjon om at omlegginga skal gjere studentkvardagen enklare å handtere. Blokkmodellen – som du som lektorstudent vil møte i den «reinaste» forma i andre semester – inneber at du kan konsentrere deg om eitt emne om gangen. Kvart emne skal gjennomførast på halve tida, og dette inneber at tida fram til avsluttande innlevering eller eksamen vert kortare. Det høyrer kanskje skummelt ut, men den totale arbeidsmengda er nett den same som før – og den plagsame *prokastineringa*, altså den tendensen mange av oss har til å utsetje daglegdagse plikter – vert vonleg lettare å overvinne når perspektivet er: eit halvt semester om gangen.

Som lektorstudent har du allereie fordelene av å vere del av ei studentgruppe som du vert godt kjent med undervegs i studieløpet. Men vi vonar at også sjølve historietilbodet vert meir sosialt. Sidan undervisninga på kvart einskild emne er meir fortetta, møter du den same gjengen av studentar oftare enn tidlegare. Vi vonar det vil gjere det enklare å knyte gode faglege og sosiale

kontaktar i studentkullet, noko som ofte er to sider av same sak. Studentfellesskapet er viktig både for fagleg utvikling og sosial trivsel.

Ein modell for betre læring: Vi skal ikkje underslå at overgangen til blokkundervisning har nokre kostnader. Når dei fleste emne skal gjennomførast på halve tida, kan nokre kanskje oppleve at tida til fagleg modning vert knappare. Og det er naturlegvis slik at ein jamt over går glipp av meir undervisning på kvart einskild emne ved lengre fråvær når du tek eitt emne om gangen, i staden for to emne parallelt. Vi trur likevel at den nye modellen i sum gjev betre føresetnader for læring. For oss som underviser vert det meir spelerom for å tenkje alternativt når det gjeld undervisninga, og vonleg også for å finne fram til former som opnar for mindre einvegskommunikasjon og meir studentaktivitet. Den meir logiske oppbygginga gjer det også enklare for oss å tenkje progresjon og samanheng på tvers av emne.

Gjennom endringar vi gjer i obligatoriske komponentar og vurderingsform, ynskjer vi også å leggje til rette for ein annan type læring. Nokre studentar har opplevd historie som eit «puggefag», mellom anna fordi vi har hatt emne der eksamensforma signaliserer at det er detaljkunnskap som er det viktige. Forventningane om at du skal delta i undervisning og arbeidet systematisk og inngåande med litteraturen, er *ikkje* vortne mindre. Men vi legg no endå meir vekt på at historie skal vere eit diskusjonsfag, og at studentane våre gjennom oppgåver og prøving skal skulerast i å skrive akademiske tekstar med drøfting og dokumentasjon. Sjølv om det enno er viktig å ha det vi kallar realkunnskapar, er endå viktigare å kunne bruke kunnskapane du tileignar deg gjennom undervisning og pensum i skriftlege arbeid, til å sjå samanhengar og motsetnader, og til å føre ein argumentasjon.

Slik ser semester 4 ut (våren 2023)

Etter gamal modell ville studentar med historie som fag 2 ha teke kombinasjonen av oversyn og fordjuping i nyare historie i fjerdemesteret. Men du skal i staden ta to oversynsemne våren 2023, eitt i blokk 1 (startar i veke 2, og avslutta i midten av mars), og eitt i blokk to (startar straks etter at blokk 1 er ferdig, og avslutta om lag 10. juni). Blokk 2 er noko lenger enn blokk 1 grunna skeivfordelinga av helgedagar på vårparten. Nøyaktig timeplan vert offentleggjort før semesterstart.

Du startar med [HIS101](#) (oversyn over eldre historie), og går direkte over til [HIS102](#) (oversyn over nyare historie). Les gjerne gjennom emnebeskrivingane, som kortfatta og poengtert gjer greie for kva emnet handlar om (Mål og innhald) og kva du skal sitje att med etter emnet (Læringsutbyte). Generelt kan vi seie at emna nettopp skal gje deg det store biletet, både når det gjeld norsk og internasjonal historie, og samstundes hjelpe deg å bli ein kritisk lesar og å formidle kunnskap gjennom skriftlege arbeid. Nokre få hovudverk inngår i pensumlitteraturen.

På HIS101 har studiet ei tydeleg tredeling: Du startar i *antikken*, går vidare til *mellomalder*, og endar opp i *tidleg moderne tid* (fram til ca. 1750). Undervisninga innan kvar av desse bolkane er fortetta, og etter at kvar bolc er ferdig, har du om lag ei veker tid til å skrive oppgåver som kvar er på om lag 1500 ord, og som inngår i ei samla mappe. Dei tre mappeoppgåvene utgjer i sum vurderingsgrunnlaget, altså grunnlaget for den karakteren du får.

På HIS102, som du altså startar på i midten av mars, er undervisninga organisert kring ein tydeleg kronologi, og med eit utval tema som går att på tvers av førelesingane. Vi har kutta skuleeksamen på emnet, men til gjengjeld krev vi no at du i løpet av undervisningsblokka løyser tre sett av fleirvalsoppgåver med spørsmål frå pensum. Dette er ein føresetnad for at du får vurdering i emnet. Eit stykke ut i undervisningsblokka får du vite tema for semesteroppgåva (på om lag 3000 ord), som du skal levere ved utgangen av semesteret. Det vil vere ein undervisningsfri periode på slutten av semesteret før innlevering. Semesteroppgåva utgjer åleine vurderingsgrunnlaget, altså grunnlaget for den karakteren du får. Oppgåva vil vere utforma på ein måte som stiller krav til at du har arbeidd systematisk og godt med emnet gjennom heile blokka.

Slik ser semester 5 ut (hausten 2023)

Hausten (semester 5) er meir komplisert, for som lektorstudent skal du gjennomføre heile fem ulike komponentar: to disiplinemne, eit didaktikkemne, eit pedagogikkemne og kortpraksis. Skilnaden samanlikna med tidlegare modell, er at du no skal ta eit *fordjupingsemne i historie* denne hausten (i staden for oversynsemnet i eldre historie, som du då allereie vil ha teke).

Etter overgangen til blokkmodellen tilbyr historie fordjupingsemne i to omgangar; vi har éin meny av fordjupingsemne i eldre historie i blokk 1 (startar når haustsemesteret startar, og avslutta om lag 10. oktober), og éin meny av fordjupingsemne i nyare historie i blokk 2 (startar straks etter at blokk 1 er ferdig, og avslutta ein gong i byrjinga av desember).

I teorien kan du som lektorstudent velje fritt frå menyen av tilgjengelege fordjupingstema, på lik linje med historiestudentar frå andre program. I praksis er det ikkje så enkelt, for det er vanskeleg å unngå kollisjonar mellom det som går føre seg på fordjupingsemna på den eine sida, og pedagogikk-/didaktikkemna og praksisen på den andre sida. Difor kjem instituttet til å sikre seg at eit utval av fordjupingstema kjem til å vere kollisjonssikra for lektorstudentar, og de vil få råd om å velje eitt av desse. Oversyn over tilgjengelege fordjupingstema vert gjort tilgjengelege i god tid i førevegen. Du må ha valt tema før fristen for semesterregistrering (1. september).

Sidan menyen er ulik frå år til år, kan vi ikkje gje konkrete lovnader når det gjeld kva tema som vil vere tilgjengelege. Men felles for fordjupingstema er at du vil møte undervisarar som har forska på temaet dei underviser i. Du vil møte ein meir spesialisert forskingslitteratur enn den du har møtt på oversynsemna.

Fordjupingstema har ulike emnekodar, og undervisningsformene, dei obligatoriske komponentane og vurderingsform kan variere. Dette må du setje deg inn i, i samanheng med at du vurderer kva fordjupingstema du ynskjer å følgje. Nokre tema kan ha førelesingar, andre kan ha kombinasjon av førelesingar og seminar, medan andre tilbod kan ha større digitale komponentar, t.d. gjennom kombinasjon av digitale presentasjonar/førelesingar og diskusjonsbaserte oppfølgingsseminar. Nokre emnekodar har mappevurdering (sjå m.a. [HIS113](#), [HIS115](#)), medan andre har obligatoriske arbeidskrav (t.d. ei godkjent oppgåve), kombinert med ein avsluttande skuleeksamen (sjå m.a. [HIS114](#), [HIS116](#)).

Slik ser semester 6 ut (våren 2024)

Sjette semester skal du skrive ei bacheloroppgåve i historie under emnekode [HIS250L](#). Oppgåva skal ha eit omfang på om lag 4000 ord. Tidlegare har desse oppgåvene vore skrivne i direkte tilknytning til eit undervisningstilbod (fordjupingsemne) på 100-nivå. Dette er det no slutt på, noko som inneber at det ikkje er nokon «kollisjonsproblematikk» knytt til dei andre emna du skal ta same semester (emne i fag 1 og fagdidaktikk). Nytt er det også at vi har fjerna krav om å leggje opp eit eige pensum, og det er ikkje lenger munnleg eksamen på grunnlag av bacheloroppgåva.

Du vel temaområde og rettleiar for arbeidet tidleg i semesteret, ut frå ei liste som instituttet gjer tilgjengeleg. Nokre gonger kan det vere mogleg å skrive ei oppgåve som ligg tett på det området du har fordjupa deg i tidlegare, om du ynskjer det.

På HIS250L må du levere prosjektskisse og oppgåveutkast innan gjevne fristar, og du må kommentere dei skriftelege arbeida til medstudentar. Det er altså ikkje lenger noko fast pensum eller noko eige undervisningsopplegg, men du skal sjølv identifisere og arbeide med ein faglitteratur som skal liggje til grunn for oppgåva di. Forholdet til rettleiar og medstudentar er ei viktig ramme kring læringa. Karakteren på bacheloroppgåva utgjer karakteren på heile emnet.

Ta kontakt med studierettleiar om du har spørsmål knytt til dine eigne studieplanar:

studierettleiar@ahkr.uib.no.

Informasjon til deg som starta på lektorprogrammet hausten 2020, og har historie som fag 2

Historieundervisninga vert omorganisert frå nyttår av, og dette har også konsekvensar for deg som går på lektorprogrammet. Sidan du starta på studiet i 2020, har du allereie møtt historie som fag 2 i fjerde og femte semester – så endringane som skjer der, har ingen konsekvensar for deg. Men vi gjer også endringar i opplegget for sjette semester, som du tek til på frå nyttår.

Kva er nytt våren 2023?

Våren 2023 skal du skrive ei bacheloroppgåve i historie under emnekoden [HIS250L](#). Oppgåva skal ha eit omfang på om lag 4000 ord. Tidlegare har desse oppgåvene vore skrivne i direkte tilknytning til eit undervisningstilbod (fordjupingsemne) på 100-nivå. Dette er det no slutt på, noko som inneber at det ikkje er nokon «kollisjonsproblematikk» knytt til dei andre emna du skal ta same semester (emne i fag 1 og fagdidaktikk). Nytt er det også at vi har fjerna krav om å leggje opp eit eige pensum, og det er ikkje lenger munnleg eksamen på grunnlag av bacheloroppgåva.

Du vel temaområde og rettleiar for arbeidet tidleg i semesteret, ut frå ei liste som instituttet gjer tilgjengeleg. Nokre gonger kan det vere mogleg å skrive ei oppgåve som ligg tett på det området du har fordjupa deg i tidlegare, om du ynskjer det.

På HIS250L må du levere prosjektskisse og oppgåveutkast innan gjevne fristar, og du må kommentere dei skriftelege arbeida til medstudentar. Det er altså ikkje lenger noko fast pensum eller noko eige undervisningsopplegg, men du skal sjølv identifisere og arbeide med ein faglitteratur som skal liggje til grunn for oppgåva di. Forholdet til rettleiar og medstudentar er ei viktig ramme kring læringa. Karakteren på bacheloroppgåva utgjer karakteren på heile emnet.

Ta kontakt med studierettleiar om du har spørsmål knytt til dine eigne studieplanar: studierettleiar@ahkr.uib.no.

Informasjon til deg som starta på lektorprogrammet med historie som fag 1 eller 2, og er forseinka med studiane

Historieundervisninga vert omorganisert frå nyttår av, og dette har også konsekvensar for deg som går på lektorprogrammet og har behov for å ta opp att einskildemne.

- Nokre emne skiftar semester frå vår til haust og frå haust til vår, og dei fleste emne vert frå no av gjennomført i blokk (dvs. i høvesvis fyrste halvdel og andre halvdel av semesteret). På nokre av emna endrar vi obligatoriske komponentar og vurderingsform.
- I året 2023 tilbyr instituttet likevel nokre overgangsordningar, slik at det (med visse modifikasjonar) er mogleg å ta emne «etter gamal modell», dvs. i dei semestera dei vart undervist tidlegare, og «blokkfritt» (som eit tilbod som strekkjer seg over heile semesteret).

Informasjonen for deg er tilrettelagt for deg som må hente opp att einskildemne, og må vite kor tid du har høve til å gjere dette. Meir detaljert informasjon om innhaldet i emna, bakgrunnen bak endringane osv. finn du på informasjonssidene for dei som starta lektorstudiet i 2022 (fag 1 og fag 2), eller i 2021 (fag 1 og fag 2).

For råd om korleis du skal gå fram, bør du elles søkje rettleiing på lektor@hf.uib.no (for studiet som heilskap) eller studierettleiar@ahkr.uib.no (for spørsmål knytt til disiplinfaget historie).

Dei viktigaste endringane på historie

Historie samlar *oversynsemna på våren* ([HIS101](#) og [HIS102](#)), og *fordjupingsemna på hausten* ([HIS113](#), [HIS114](#), [HIS115](#), [HIS116](#) mfl.). Overgangen til blokkundervisning inneber at semestera vert delt i to:

- Tek du eit emne i eldre historie, vert dette gjennomført i fyrste halvdel av semestera – og mapper skal leverast/eksamen avviklast innan utgangen av denne blokka (HIS101 innan ca. 15. mars, fordjupingsemne innan ca. 10. oktober)
- Tek du eit emne i nyare historie, vert dette gjennomført i andre halvdel av semestera (med oppstart ca. 10. oktober) – og mapper eller semesteroppgåver skal leverast/eksamen avviklast innan utgangen av semesteret (HIS102 eit stykke ut i juni, fordjupingsemne eit stykke ut i desember).

Emnet [HIS203](#), Teoriar, metodar og historiske kjelder, vert som tidlegare tilbode i vårsemesteret, men då innanfor rammene av blokk 1, noko som inneber at det vert avslutta med eksamen ca. 15. mars.

NB: Om du skal ta opp att emne, kan dei ha endra vurderingsform sidan du tok dei sist. Sjekk emnebeskrivingane!

Overgangsordningar i 2023

For nokre av dykk kan det vere problematisk at emne skiftar semester. For dykk har vi difor utvikla ei overgangsordning som gjer at du i året 2023 enno kan ta fordjupingsemne i nyare historie i vårsemesteret, og eit fordjupingsemne i eldre historie i haustsemesteret.

Vårsemesteret 2023 – overgangsordning: For at du skal kunne ta eit vårsemester etter «gamal modell», tilbyr vi tre fordjupingsemne i nyare historie våren 2023. Alle desse går blokkfritt, og gjennom heile semesteret. Det gjeld emna:

- [HIS108](#): Oversikt over kvinne- og kjønns historie
- [EUR103](#): Europe after 1945: Transformations in European Economies and Societies
- [HIM104](#) Islam i Afrika sør for Sahara, ca. 1500–2000

HIS108 og EUR103 har vanlege førelesingar gjennom heile semesteret. HIM104 har digitale/førehandsinnspelte førelesingar, og oppfølging gjennom fysiske studentseminar på starten, undervegs og mot slutten av semesteret.

HIS102, altså oversynsemnet, går altså framleis i vårsemesteret, men vel å merke i blokk, slik at undervisninga fyrst startar i andre halvdel av mars. Om du skal ta HIS102 pluss eit fordjupingsemne, må du altså planleggje arbeidet slik at dette lèt seg gjennomføre utan opphopping av arbeid mot slutten av semesteret. Det er naturlegvis ikkje noko i vegen for at du startar å lese på HIS102-pensum allereie frå januar av. HIS102 vil vere kollisjonssikra mot dei tre fordjupingsemna (dvs. at du ikkje risikerer at du har to førelesingar du må følgje på same tid). Eksamen i dei tre fordjupingsemna er på slutten av semesteret. Også leveringsfrist for semesteroppgåva («eksamen») på HIS102 er på slutten av semesteret.

Hautsemesteret 2023 – overgangsordning: For at du skal kunne ta eit haustsemester etter «gamal modell», legg vi til rette for at du kan ta fordjupingsemnet i eldre historie. Reint praktisk tilbyr vi deg det same tilbodet av fordjupingsemne i eldre historie som dei andre studentane i blokk 1, noko som inneber at du er ferdig med dette emnet til 10. oktober. Så tilbyr vi HIS101 ekstraordinært som ei digital løysing gjennom heile semesteret, i form av opptak av undervisning og eit tilbod om studentseminar. Fristar for å levere mappeoppgåver vil då vere avpassa til dei plikter som studentar som følgjer fordjupingsemna vil ha. Leveringsfrist for den ferdige mappa på HIS101 vil vere i byrjinga av desember.

Informasjon til deg som går på eller har tenkt å ta masterprogrammet i historie

Overgangen til blokkundervisning har relativt små konsekvensar for masterprogrammet i historie. Det har ingen innverknad på verksemda i masterseminaret eller arbeidet med dei tre viktige skriftlege arbeida på masterstudiet, HIS301, HIS303 eller HIS350. Det er heller ingen tilbod som skiftar semester på historie.

Derimot gjer vi endringar når det gjeld emna [HIS302](#) (Historiografi), som går i fyrste semester på masterstudiet, og emna [HIS308](#) (Historieformidling) og [HIS309](#) (Historikarens arbeidsmåtar), som bae går i andre semester på masterstudiet (haust).

Her går vi over til blokkmodellen, slik at HIS302 vert undervist og vurdert i blokk 1 på hausten (i tida fram til ca. 10. oktober), medan HIS308 og HIS309 vert undervist og vurdert i blokk 1 på våren (i tida fram til ca. 15. mars). Nokre avvik frå desse datoane kan bli gjort om det er naudsynt for å unngå kollisjonar med praksisperiodane til lektorstudentane på master.

Informasjon til deg som har tenkt å ta historieemne som årsstudium eller frie studiepoeng våren 2023 eller seinare

Historie er eit populært fag blant studentar på andre bachelorprogram som er på jakt etter eit «støttefag», anten ved å ta eit heilt årsstudium eller ved å plukke einskildemne. Når historie omorganiserer undervisninga frå nyttår 2023, trur vi at dette gjev eit endå betre tilbod også for deg som er innom faget for ein kortare periode.

Når vi no skiftar nokre undervisningssemester frå vår til haust på nokre emne, og frå haust til vår på andre, oppstår det nokre utfordringar for deg som allereie har bestemt deg for kva emne du skal ta, og til kva tidspunkt. Det trengst også ein del planlegging om du ynskjer å kombinere blokkundervisning på historie med undervisning på andre fag. Vi trur at dei fleste problema kan overvinnast, ikkje minst gjennom gode overgangsordningar.

Hovudtrekka i endringane [modell over gamal og ny semesterorganisering inn her]

Vi samlar no oversynsemna i høvesvis eldre og nyare historie i vårsemesteret, og fordjupingsemna i eldre og nyare historie i haustsemesteret. Dessutan deler vi semesteret i to blokker: Medan studentar tidlegare tok to emne parallelt, skal ein no gjere seg ferdig med eitt emne i fyrste halvdel av semesteret (blokk 1), før ein startar på det neste ved inngangen til andre halvdel av semesteret (blokk 2). Skiftet mellom blokkene går føre seg om lag 15. mars på våren og 10. oktober på hausten. Grafikken syner hovudtrekka i gamal og ny ordning på andre, tredje og fjerde semester. (Fyrste semester tilbyr historie innføringsemnet [HIS100](#).)

Det nye blokkformatet gjev vonleg både faglege og sosiale gevinstar. Når du studerer i blokk, konkurrerer ikkje fleire emne om merksemda di, og det er lettare å planleggje studiekvardagen din. Sidan tidsperspektivet for kvart emne vert halvert, vert det mindre «freistande» å utsetje arbeidsoppgåver til ein alt for hektisk innspurt. Vi har òg tru på at eit meir fortetta format og dermed hyppigare undervisning gjer det gjer det enklare å få det fagleg og sosiale samspelet mellom undervisar og studentar (og studentar imellom!) til å fungere.

Historie nyttar også høvet til å gjere visse endringar i obligatoriske komponentar og vurderingsform. Vi legg mindre vekt på «pugging», og meir på at studentane lærer seg å bruke kunnskapane til diskusjon og drøfting.

Vårsemesteret – oversyn: På våren tilbyr vi to oversynsemne, fyrst i eldre historie ([HIS101](#)) og deretter i nyare historie [HIS102](#). Tidsskiljet mellom bolkanane går om lag i 1750. Les gjerne gjennom emnebeskrivingane, som kortfatta og poengtert gjer greie for kva emnet handlar om (Mål og innhald) og kva du skal sitje att med etter emnet (Læringsutbyte).

Emnet HIS101 har ei tydeleg tredeling både når det gjeld undervisning og vurderingsform. Undervisninga er delt i tre bolkar (antikken, mellomalder, tidleg moderne tid), og i etterkant av kvar undervisningsbolke skriv du ei mappeoppgåve på om lag 1500 ord. Du får ein samla karakter på dei tre oppgåvene (dvs. mappa). Undervisninga på HIS102 er også kronologisk lagt opp, men utan motsvarande oppdeling i delperiodar. I løpet av undervisningsblokkane må du løyse tre

obligatoriske sett av fleirvaldsoppgåver med spørsmål frå pensum. Eit stykke ut i undervisningsblokka får du vite tema for semesteroppgåva (på om lag 3000 ord), som du skal levere ved utgangen av semesteret. Det vil vere ein undervisningsfri periode på slutten av semesteret før innlevering. Semesteroppgåva utgjer åleine vurderingsgrunnlaget, altså grunnlaget for den karakteren du får. Oppgåva vil vere utforma på ein måte som stiller krav til at du har arbeidd systematisk og godt med emnet gjennom heile blokka.

Hausten - fordjuping: På hausten kan du ta to fordjupingstema som du vel ut frå ein fagleg meny som vert gjort kjent allereie våren i førevegen. Fordjupingstema har ulike emnekodear, og undervisningsformene, dei obligatoriske komponentane og vurderingsform kan variere. Dette må du setje deg inn i samanheng med at du vurderer kva fordjupingstema du ynskjer å følge. Nokre tema kan ha førelesingar, andre kan ha kombinasjon av førelesingar og seminar, medan andre tilbod kan ha større digitale komponentar, t.d. gjennom kombinasjon av digitale presentasjonar/førelesingar og diskusjonsbaserte oppfølgingsseminar. Nokre emnekodear har mappevurdering (sjå m.a. [HIS113](#), [HIS115](#)), medan andre har obligatoriske arbeidskrav (t.d. ei godkjent oppgåve), kombinert med ein avsluttande skuleeksamen (sjå m.a. [HIS114](#), [HIS116](#)).

Kva emne skal du velje som årsstudent i historie?

For at du skal ha fleksibilitet i val av studieopplegg på historie, får du som årsstudent i historie studierett i tre semester, sjølv om du i utgangspunktet berre tenkjer å studere historie i to semester.

Skal du studere historie i eitt år, er det naturleg at du vel kombinasjonen av eit oversynssemester (dei to emna på våren) og eit fordjupingssemester (to emne på hausten). Om det er praktisk mogleg for deg, vil vi absolutt tilrå at du tek emna i nettopp denne rekkjefølgja: Det er fagleg sett mest naturleg å starte med oversynsemna, sidan kunnskapane derifrå kan vere ein viktig ressurs inn i arbeidet med fordjupingsemna. Når dette er sagt, er det ikkje fagleg uforsvarleg å gjere det omvendt; altså å starte med fordjupingsemna for så å gå over til oversynsemna – iallfall du sjølv meiner du har god historiefagleg ballast med deg frå vidaregåande skule eller andre samfunnsorienterte universitetsfag. Fordjupingsemna fungerer også på eigne premisser, og kan gjennomførast med godt fagleg utbyte utan at du har oversynsemna i botnen.

Om du er fersk student og siktar deg inn mot historie frå starten av, utan å vere del av bachelorprogrammet, kan det vere ein fordel for deg å ta [HIS100](#) (innføring i historie) og dei andre fyrstesemesteremna den fyrste hausten, før du så går over til oversynsemna påfølgjande vår – og eventuelt også fordjupingsemna på hausten att.

Kva skal du gjere om du hadde førebudd deg på å ta historie ut frå gamal ordning?

Kanskje har du planlagt å ta historie i 2023, men då ut frå den gamle modellen – slik emna var plasserte tidlegare? Vel, det finst løysingar for deg òg.

Om du planlegg å ta både oversyn og fordjuping i nyare historie på våren (etter gamal modell), så er dette mogleg. Vi tilbyr nemleg tre fordjupingsemne i nyare historie våren 2023, og alle desse går blokkfritt, altså gjennom heile semesteret. Det gjeld emna:

- [HIS108](#): Oversikt over kvinne- og kjønns historie
- [EUR103](#): Europe after 1945: Transformations in European Economies and Societies
- [HIM104](#) Islam i Afrika sør for Sahara, ca. 1500–2000

HIS108 og EUR103 har vanlege førelesingar gjennom heile semesteret. HIM104 har digitale/førehandsinnspelte førelesingar, og oppfølging gjennom fysiske studentseminar på starten, undervegs og mot slutten av semesteret.

HIS102, altså oversynsemnet, går altså framleis i vårsemesteret, men vel å merke i blokk, slik at undervisninga fyrst startar i andre halvdel av mars. Om du skal ta HIS102 pluss eit fordjupingsemne, må du altså planleggje arbeidet slik at dette lèt seg gjennomføre utan opphopping av arbeid mot slutten av semesteret. Det er naturlegvis ikkje noko i vegen for at du startar å lese på HIS102-pensum allereie frå januar av. HIS102 vil vere kollisjonssikra mot dei tre fordjupingsemna (dvs. at du ikkje risikerer at du har to førelesingar du må følgje på same tid). Eksamen i dei tre fordjupingsemna er på slutten av semesteret. Også leveringsfrist for semesteroppgåva («eksamen») på HIS102 er på slutten av semesteret.

Om du planlegg å ta både oversyn og fordjuping i eldre historie på hausten (etter gamal modell), så er også dette mogleg. Då vil du få det same tilbodet av fordjupingsemne i eldre historie som dei andre studentane i blokk 1, noko som inneber at du er ferdig med dette emnet til 10. oktober. Vi tilbyr HIS101 ekstraordinært som ei digital løysing gjennom heile semesteret, i form av opptak av undervisning og eit tilbod om studentseminar. Fristar for å levere mappeoppgåver vil då vere avpassa til dei plikter som studentar som følgjer fordjupingsemna vil ha. Leveringsfrist for den ferdige mappa vil vere i byrjinga av desember.

Kva skal du gjere om du planlegg å ta einskildemne i historie saman med emne på andre fag?

Om du går på eit anna fag enn historie, er det framleis mogleg å ta einskildemne på historie – men som tidlegare, kan vi ikkje garantere at undervisninga di ikkje kolliderer, eller at eksamen ikkje kjem på same dag. Det kan vere krevjande ein slik kombinasjon av emne frå ulike fag, men det skal kunne late seg gjere – også om du kombinerer eit blokkemne frå historie med eit emne som ikkje går i blokk på eit anna fag.

Når det gjeld oversynsemna [HIS101](#) og [HIS102](#), er fordelene i båd tilfella at dei har leveringsfristar (for mappeoppgåver på HIS101, og for semesteroppgåva på HIS102) – men dei har ikkje eksamensdagar. Sjølv om du risikerer at undervisninga kolliderer, vert det altså ingen eksamenskollisjon. Om du kombinerer HIS101 med andre emne som går gjennom heile semesteret, må du naturleg vekte arbeidet ditt slik at du brukar mykje tid på HIS101 i starten av semesteret – så kan du konsentrere deg om dei resterande emna dine frå midten av mars. Om du kombinerer HIS102 med andre emne som går gjennom heile semesteret, må du tenkje annleis. Det er lurt å starte arbeidet med HIS102-pensum tidleg i semesteret, og elles organisere deg slik at du kan leggje inn mykje tid til sjølve undervisninga frå midten av mars.

Vi gjer elles merksam på at [HIS203](#) (Teoriar, metodar og historiske kjelder) er eit ope undervisningstilbod på historie. Det vert undervist i blokk 1 på vårparten. Emnet hadde tidlegare ein kombinasjon av to obligatoriske oppgåver og mappevurdering. Dette vert no erstatta av

kombinasjonen av to obligatoriske oppgåver og ein avsluttande 3-dagars heimeeksamen på 3000 ord.

Når det gjeld fordjupingsemna på hausten, er tenkinga mykje av den same. Hugs at nokre emne (særleg emnekode HIS114 og HIS116) har eksamen, og at du må forsikre deg om at eksamen i fordjupingsemnet og andre emne du tek ikkje kolliderer. Du må organisere arbeidet ditt ulikt, avhengig av om fordjupingsemnet i historie ligg i blokk 1 eller blokk 2.

Ver merksam på at fordjupingsemna emna [HIS108](#) (Oversikt over kvinne- og kjønns historie), [EUR103](#) (Europe after 1945: Transformations in European Economies and Societies), og [HIM104](#) (Islam i Afrika sør for Sahara, ca. 1500–2000) vert tilbodne blokkfritt i vårsemesteret 2023. Alle desse har avsluttande eksamen på slutten av semesteret, så om du skal ta desse parallelt med emne frå andre fag, må du sjølv sjå til at eksamen ikkje fell på same dag.

Har du spørsmål knytt til korleis du kan ta historie som årsstudium eller i form av frie studiepoeng? Ta kontakt med studierettleiar på studierettleiar@ahkr.uib.no.